

Referat frå rådsmøte 10. august 2010.

Tilstades: Regionordførar Anne-Nora Oma Dahle, Olav Urbø, Torstein Tveito, Solveig S. Abrahamsen, Arne Vinje, Bjørn Nome.

Hans Bakke, Hans Kristian Lehmann, Therese Hauger, Per Dehli, Ketil Kiland, Sverre Sæter og Kjell Gunnar Heggenes.

I tillegg møtte Frida Sviland og Jon Skriubakken frå Telemark fylkeskommune og Haldor Kaasin frå Vest-Telemark Næringsutvikling AS.

Møteinnkallinga dagsett 3. august 2010 og saklista vart godkjent utan merknader.

Sak 50/2010 Referat frå møte 02. juni 2010.

Vedtak: Referat frå rådsmøte 02. juni 2010 vart godkjent utan merknader.

Sak 51/2010 Vidare organisering av regionsamarbeidet Forslag til vedtekter

Vedtak: Saka vart utsett

Sak 52/2010 Samkommunemodellen, høyring

Kjell Gunnar Heggenes orienterte om saka innleiingsvis.
Det var ynskjeleg å få innspel frå rådet før ein utarbeida eit framlegg til uttale.
Rådet drøfta saka.

Vedtak: På bakgrunn av drøftingane i rådet vert det utarbeida eit framlegg til uttale som vert handsama i neste rådsmøte.

Sak 53/2010 Strategisk plan for Høgskolen i Telemark 2010 – 2014, høyring

Kjell Gunnar Heggenes orienterte om saka.
Rådet drøfta saka og kom med innspel til ei høyringsuttale.

*Vedtak:
På bakgrunn av drøftinga vert utarbeida ei uttale som vert handsama i neste rådsmøte.*

Sak 54/2010 Orienteringssaker

- Eigarskapsstrategi/eigarskapsmeldingar
Bør få ein felles mal på utarbeiding av faktadelen i eigarskapsmeldingane. Strategi-/styringsdelen av meldinga er det viktig at ein får ein god prosess på. Lage ein struktur for eigarskapsforvaltninga. Rådmannsutvalet tek dette opp med det fyrste.
- Organisering av politiet, status
Siste møte i arbeidsgruppa 17 juni og rapporten gjekk til politimeistaren veka deretter. Reknar med at politimeistaren legg rapporten fram for Vest-Telemarkrådet. Det vart reagert på at VTNF fekk ein særleg rett til å handsame rapporten i sitt styre, medan ordførarane som representerer alle innbyggjarane ikkje har kunnskap om innhaldet. Sterke reaksjonar på prosessen som er nytta her. Her er det vore ein manglande involvering av Vest-Telemarkrådet. Rapporten vil verte svekka som fylgje av ein dårleg prosess.

Vedtak: Vest-Telemarkrådet ber om at politimeistaren møter i neste rådsmøte og gjer greie for rapporten

- LVK-nytt
Høgsterett avsa den 25. juni 2010 dom i saka mellom Røros kommune og Opplandskraft DA m.fl. Høgsterett kom til (dissens 3-2) at Røros kommune må tilbakebetale konsesjonsavgifter og konsesjonskraft. Denne domen kan få konsekvensar og føre til store kostnader for Nissedal.

Styringa av kraftstasjonane er endra som fylgje av at ein produserer kraft til børsen. Vasstandproblematikken i denne samanhangen, må takast opp til drøfting.

Sak 55/2010 Ymse

- Politikaropplæring
Det vart lagt fram ei ideskisse til rekruttering og opplæring av framtidige politikarar.
- Haukelitunnelane sumaren 2010. Det vart orientert om stenginga av tunnelane i løpet av sumaren. Dette er ein uakseptabel framgangsmåte som er blitt påtala.
- Utviklingsjef Jon Skriubakken orientert om planarbeidet i Telemark fylkeskommune. Oppstartskonferansen for planprogrammet vert 8. september, der ein startar arbeidet med planane for reiseliv og nyskaping og næringsutvikling. Det vert deretter arrangert dialogmøter ute i regionane. Viktig med brei forankring av planarbeidet. Planane skal vera ferdig for handsaming i fylkestinget i juni 2011. Rådet er invitert inn i styringsgruppene for planane. Planane skal vera grunnlag for fylkeskommunen si bruk av virkemiddel i størrelsesorden 100 mill. årleg. Viktig å få involvert næringslivet i denne prosessen. Det må raskt kome framlegg til representantar frå regionen.
- Telefonibortfallet 09.08.10 må føre til ein risiko og sårbarhetsanalyse frå Telenor. Det er uakseptabelt at ein kjem i slike situasjonar som rammar ein region i så stor grad som tilfellet var denne gongen. Fylkesberedskapsleiar må også ta tak i dette.

- Rådet bør kalle inn fylkestannlegen til neste møte for å greie ut om stoda for tannhelsetenesta i regionen.
- Samhandlingsreforma – arbeidet med prosjektet startar 17. august med møte i styringsgruppa. Sissel Bitustøyl er tilsett i prosjektleiarstillinga og tek no til i stillinga.

Referent. Haldor Kaasin